



Bolig & Eiendom As  
Stølen 26  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3966 - 17/7477

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
07.03.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 123/146 Risa

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ifølge enhetsregisteret vart Bolig og Eiendom AS med organisasjonsnummer 990 086 931 sletta den 14.09.16. Det er ikkje samsvar mellom oppgjeve organisasjonsnummer og foretak. Dersom det er oppgitt feil organisasjonsnummer må det sendast inn revidert dokumentasjon med riktig informasjon. Alternativt må det meldast om endring av søkar.
2. Vi kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg areal sett av til MUA med tilfredsstillande kvalitetar. Av terrengprofil B-B ser det ut til at ein vesentleg del av areal sett av til utomhusareal inngår i skråning mot veg. Vi ber difor om at det sendast inn reviderte teikningar der terrengprofil og situasjonsplan samsvarer i forhold til kva areal som inngår i MUA (lysegrønt). I samband med dette ynskjer vi at det sendast inn eit terrengsnitt frå andre enden av huset då denne delen av utearealet ligg høgare i terrenget.
3. På begge sider av tomtgrensa langs huset ligg det kommunale leidningar omtrent i tomtgrensa. Det må sikrast at vannleidningar har tilstrekkeleg overdekning og at skredde mot veg ikkje vert for bratt slik at det er fare for utrasing. Eining for vatn og avløp må sikre forsvarleg drift og vedlikehald av dette anlegget. Det vil derfor være krav om innsending av søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett for alle typer tiltak som kjem nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter.
4. Av terrengprofil og koter på kartet kan det sjå ut til at tiltaket vil krevje at terrenget langs heile huset mot aust og nord må senkast med 1,5 meter eller meir. Kommunen vurderer dette som eit vesentleg terrengingrep som det må søkast særskild om.
5. Planering av tomt vil medføre at ein får nivåforskjell mellom planert tomt i nord og i øst. Her vil vegen ligge i nivå som er høgare enn planert tomt. Høgdeforskjellen utløyser krav om sikring av kommunal veg slik at det ikkje er fare for at kjøretøy fer utfor vegen. Dersom tomt skal planerast slik som vist på situasjonskart bør det settast opp mur og autovern.  
Uttale frå vegmynde om dispensasjon frå byggegrense:

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



*Minste avstand mellom tiltak (takutstikk vindfang) i nord og kant kommunal veg skal være minimum 4,4 meter. Tiltak skal være plassert slik at det ikkje kjem i konflikt med regulerte siktsoner i dei kommunale vegkryss.*

Vi ber om at de kontrollerer at søknaden er innanfor desse avgrensningane.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.04.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bolig & Eiendom As

Stølen 26

5911

ALVERSUND